

Til medlemmane i eldrerådet

Protokoll frå møte i eldrerådet 15.juni 2021

Tilstades: Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Astrid Lunde, Bjørns Kjensli, Morten Steinsrud

Andre: Liv Karin Skogen (Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne)

Astrid Rogne (sekretær)

- Sak 20/21 Godkjenning av innkalling og saksliste
Vedtak:
Samrøystes godkjent
- Sak 21/21 Godkjenning og underskrift av protokoll frå møte 27. april 2021
Vedtak:
Samrøystes godkjent
- Sak 22/21 Sti- og løypeplan
Orientering ved skogbrukssjef Tale Nedberg. Nytt er fokus på fleirbruksstigar. Det blir også arbeida ein del med å merke oppatt stigar gjennom prosjektet «Friluftslivets ferdselsårer» og desse blir gjort tilgjengeleg på GPS på Ut.no. Astrid Lunde orienterte om at grendelag, bygdelag og velforeiningar i kommunen har sett i gang eit prosjekt med skilting av gamle tråkk/stigar.
Vedtak:
Eldrerådet tek orienteringa til etterretning. Tale sender «Merkehåndboka» til Astrid Lunde. Kommunen ynskjer eit samarbeid med dei frivillige som arbeidar med merking av stigar. Tale Nedberg eller Liv Vingdal kan kontaktast i kommunen.
- Sak 23/21 Drosjekjøring i distrikta
Vedtak:
Eldrerådet meiner forespørsel frå Kai Høgden om drosjekjøring i distrikta på bestemte tider og vekedagar er eit godt tilbod til eldre og andre som treng skyss til ulike formål. Rådet har i sin aktivitetsplan punktet «Drosje til ein 50-lapp» og ber difor kommunen finna ei løysing så tilbodet frå Kai Høgden kan realiserast.
- Sak 24/21 Helsefellesskap Innlandet
Vedteke i kommunestyret 25.03.2021
Vedtak:
Eldrerådet ynskjer ei orientering frå administrasjonen om helsefellesskap

- Sak 25/21 Møteplan for 2.halvår 2021
24.08.2021 kl 10.00 - 12.00
21.09.2021 kl 10.00 - 12.00
02.11.2021 kl 10.00 - 12.00|
14.12.2021 kl 10.00 - 12.00
Vedtak:
Samrøystes godkjent
- Sak 26/21 Testamentarisk gåve – Grønolen
Vedtak:
Eldrerådet meiner det er viktig at bruk av midlar frå gåvefondet kjem i tillegg til kommunens eige ansvar for drift og innkjøp til eldreføremål, og ikkje erstattar slike bevilgningar.
- Sak 27/21 Nye innspel sidan sist
- «Eldre ut på middag» veke 39
Solveig orienterte. Det er motteke kr 80.000 til dette formålet og det blir eit restauranttilbod på Helsetunet i samarbeid med Valdres vidaregåande skule for dei over 65 år i uke 39. Meir info kjem i august.
 - Spørjeundersøking. Solveig orienterte.
 - Nytt reglement for eldrerådet. Reglementet er behandla i formannskapet 20.05.2021
 - Høyering av kulturminneplan
Det er høyringsfrist den 01.09.2021. Eldrerådet er oppfordra til å sjå på planen. Det er ynskjeleg at planlegger Inger Elisabeth Hilstad kjem på møtet i august for å orientere.
 - Befaring til Vinjestogo
Tirsdag 22.06.2021 kl 08.00. Avklarast med administrasjonen på førehand.
- Sak 28/21 Dagsturhytte i Øystre Slidre. Tur til Herangslia den 10. juni 2021
Vedtak;
Eldrerådet merkar seg at plassering av evt. dagsturhytte på Løkjeshøvda ikkje vil vera tilgjengeleg for alle. Funksjonsfriske og «spreke» har etter kvart eit mangfald av turstigar og turmål (Jfr. Fjellstafetten) i kommunen, og det er bygd velutstyrte gapahukar på fleire turmål. Fleire traséar og turstigar er under kartlegging og merking i grendelag og velforeiningar. Eldrerådet sitt forslag er difor at kommunen finn ei alternativ plassering til dagsturhytta som er lett tilgjengeleg, ligg sentralt i kommunen og er og bør vera eit variert tilbod til alle grupper.